



Hovudverneomboda i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Regionreforma – status og vegen vidare

Ole.I.Gjerald@sfj.no



Regionreforma

Tema og problemstillingar eg kjem inn på:

- Kva føringar ligg i intensjonsplanen?
- Kva seier fylkestinget sine vedtak?
- Kva meiner Stortinget?
- Kva skjer i perioden 2018–2020?
- Kva skjer i andre fylkeskommunar?



Sogn og Fjordane
fylkeskommune



Hordaland
fylkeskommune

INTENSJONSPLAN FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND

INNHOLD

1.	Innleiing	2
2.	Mål for samanslåing	2
3.	Eit nytt regionalt folkevalt nivå på det sentrale Vestlandet	4
3.1	Regionen sitt namn og merke	
3.2	Representantar i regiontinget	
3.3	Regionen si valordning	
3.4	Politisk styreform	
3.5	Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing	
3.6	Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte	
3.7	Administrasjonsspråk og statleg tenesteppråk	
4.	Leiing, organisering, arbeidsdeling	5
4.1	Politisk organisering	
4.2	Administrativ organisering	
5.	Framtidig tenesteyting	7
6.	Tilsette	8
7.	Økonomi	8
8.	Samansetting av fellesnemnd for overgangsperioden 2017 - 2020	9
9.	Val av nytt regionting	9
10.	Vilkår for den nye regionen	9

17.01.2017



Intensjonsplan for Sogn og Fjordane og Hordaland, 17.01.17

Innhald

1. Innleiing
2. Mål for samanslåing
3. Eit nytt regionalt nivå på det sentrale Vestlandet
 - 3.1 Regionen sitt namn og merke
 - 3.2 Representantar i regiontinget
 - 3.3 Regionen si valordning
 - 3.4 Politisk styreform
 - 3.5 Administrasjonssenter og politisk leiing
 - 3.6 Regiontinget sine samlingar og utvala sine møte
 - 3.7 Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk
4. Leiing, organisering og arbeidsdeling
5. Framtidig tenesteyting
6. Tilsette
7. Økonomi
8. Samansetjing av fellesnemnd for overgangsperioden 2017-20
9. Val av nytt regionting
10. Vilkår for den nye regionen



1. Innleiing



Fylkestinga set som vilkår for å etablere ein Vestlandsregion med til saman 630.000 innbyggjarar, at vi får overført ansvaret for fleire statlege samfunnsoppgåver, samt at vi får behalde dei viktigaste oppgåvene vi har i dag.

Ein annan sentral føresetnad for samanslåing er at regionreforma fører til at tal folkevalde regionar vert om lag 10.

2. Mål for samanslåing

Vestlandet/Vestlandsregionen skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring.

1. Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region.
2. Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet.
3. Høg kvalitet i tenestene.
4. Strategisk infrastrukturbygging.
5. Kultur- og identitetsbygging.
6. Berekraftig forvaltning av samla ressursar.

	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Hordaland fylkeskommune
INTENSJONSPLAN FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND	
INNHALD	
1. Innleiing	2
2. Mål for samanslåing	2
3. Eit nytt regionalt folkevalt nivå på det sentrale Vestlandet	4
3.1 Regionen sitt namn og merke	
3.2 Representantar i regiontinget	
3.3 Regionen si valordning	
3.4 Politisk styreform	
3.5 Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing	
3.6 Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte	
3.7 Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk	
4. Leiing, organisering, arbeidsdeling	5
4.1 Politisk organisering	
4.2 Administrativ organisering	
5. Framtidig tenesteyting	7
6. Tilsette	8
7. Økonomi	8
8. Samansetting av fellesnemnd for overgangsperioden 2017 - 2020	9
9. Val av nytt regionting	9
10. Vilkår for den nye regionen	9

17.01.2017



3. Eit nytt regionalt folkevalt nivå

- Namn og merke: Vestlandet/Vestland/Vestlandsregionen. Fellesnemnda drøftar merke/våpen.
- Representantar i regiontinget: 65.
- Valordning: Ein valkrins med mogleg utjamningsmandatorordning.
- Politisk styreform: Formannskapsmodellen.
- Administrasjonssenter og politisk leiing: Bergen.
- Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte:
Regiontinget skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane. Regionutvalet og hovudutvala skal vere fleksible og kunne alternere i regionen for å ivareta lokalkunnskap og for å halde oppe kontakten med lokalsamfunna i heile regionen.
- Administrasjonsspråk og statleg tenestemål: Nynorsk.






4. Leiing, organisering og arbeidsdeling



Politisk organisering - grunnstruktur



Administrativ organisering – grunnstruktur for leiingsdeling



Administrativ organisering

– grunnstruktur for leiingsdeling





5. Framtidig tenesteyting

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonar og næringslivet på Vestlandet. Regionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

Vestlandsregionen skal yte best muleg tenester og service overfor innbyggjarane gjennom:


- Ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig tilbod med fridom til å velje studieprogram
- Eit effektivt, miljøvenleg og framtidstidsretta kollektivtransportsystem
- Ein kvalitativt god standard på vegnett og ferjesamband
- Eit kulturtilbod med gode og tilgjengelege idrettsanlegg

Samordning på tvers av sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige tenesteyting. Det vil vere viktig å finne ein god balanse i bruken av ressursar retta mot Bergensområdet og distrikta i regionen.



6. Tilsette

- Ingen tilsette skal på samanslåingstidspunktet seiast opp som følgje av samanslåinga. Endringar i stilling og arbeidsoppgåver må likevel kunne reknast med.
- Vern mot oppseiing av medarbeidarar som ev. vert overtalige som følgje av samanslåinga, skal vare i fem år.
- Dersom lokalisering av arbeidsplassar medfører endra arbeidsstad, legg vi til rette for fleksible overgangsordningar.
- Oppgåver innanfor alle sentrale fagområde skal framleis kunne utførast i både dagens fylke. Tilsette kan halde fram å arbeide innan ulike sektorar, sjølv om dei ikkje bur og arbeider der administrativ sektorleing har hovudsete.





7. Økonomi

Disponibel formue mv. frå dei to fylkeskommunane skal frå 01.01.2020 disponerast av det nye regiontinget til beste for innbyggjarar, samfunn og næringsliv i heile den nye Vestlandsregionen.

Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter, blir fylket gitt høve til å la desse verdiane bli haldne utanfor regionetablerna i 2020. Dersom fylkeskommunen vel å gjere dette, vil fylket kunne leggje nemnde verdiar i eigne investerings- og disposisjonsfond. Det samla fondsbeløpet skal ikkje overstige 1,5 mrd.kr.

I så fall kan heile beløpet frå salet av Fjord1 AS (1 064 mill.kr, inkl. sluttoppgjer i juni 2020) og det fylkeskommunen eventuelt måtte ha av bokførte aksjeverdiar i SFE AS/SF Holding AS ved regionetablerna i 2020 (356 mill.kr pr. 31.12.16) fondsplasserast. Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane.

Fellesnemnda får i oppgåve å bli samde om vedtekter for fondet. Regiontinget vil delegere forvaltninga fondet til eit fondsstyre, valt av og blant regiontingets medlemmer. I fondsstyre skal representantar frå Sogn og Fjordane ha fleirtal.

SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Finansutvalet sitt framlegg til
Budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020

www.sfj.no

SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Hordaland
FYLKESKOMMUNE

INTENSJONSPLAN FOR SAMANSLÅING AV
SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND

INNHOLD

slåing	2
alt folkevot nivå på det sentrale Vestlandet	2
in sitt namn og merke institutt i regiontinget in si valordning styreform in sitt administrasjonssenter og politisk leing inget, regionstyret og hovudutvala sine samlinger og møte stasjonspråk og strateg tenesteprikk	4
4. Leing, organisering, arbeidsdeling	5
4.1 Politisk organisering	
4.2 Administrativ organisering	
5. Framtidig tenesteyting	7
6. Tilstette	8
7. Økonomi	8
8. Samansetting av fellesnemnd for overgangsperioden 2017 - 2020	9
9. Val av nytt regionting	9
10. Vår for den nye regionen	9

17.01.2017



8. Fellesnemnd for overgangsperioden

Det vert oppnemnt ei fellesnemnd som går ut frå dei to noverande fylkestinga i samsvar med inndelingslova.

Nemnda skal vere samansett av dei to fylkesutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland, til saman 24 medlemmer. Fellesnemnda skal ha leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane.

Det vil bli vurdert å etablere eit arbeidsutval ut frå fellesnemnda sine medlemmer. Arbeidsoppgåver, rolle og fullmakter for fellesnemnda vert fastsett ved vedtak i dei respektive fylkestinga.

9. Val av nytt regionting

Fylkestinga går inn for at representantar til det nye regiontinget vert valde gjennom valet hausten 2019, og at konstituering av det nye regiontinget vert gjort seinast 01.01.2020.



10. Vilkår for den nye regionen

Fylkestinga stiller følgjande vilkår for å etablere ein ny folkevald region:

- a) Viktige samfunnsoppgåver blir overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samanheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane no har.
- b) Det er ein føresetnad at ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring framleis skal liggje til regionen/fylkeskommunane.
- c) Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- d) Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar føreset at fylka i sin heilskap inngår i den nye Vestlandsregionen.
- e) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsambetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur.
- f) Det vert lagt til grunn at fylkesmannsambetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leing frå Sogn og Fjordane.
- g) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at det nye regionkontoret for NAV vert lokalisert i Bergen.
- h) Eit eventuelt regionalt bestilleransvar for landsdekkande ferjeverksemd vert lagt til Vestlandet.





Fylkestinget sitt vedtak, 02.02.17

1. Om den nasjonale regionreforma får som utfall at tal fylke/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå, og Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå, vil fylkestinget at Sogn og Fjordane held fram og vert vidareutvikla som eige fylke/eigen region frå 2020.
2. Om Stortinget vedtek ei nasjonal regionreform som reduserer tal fylke/regionar til om lag 10, og legg til rette for styrking og overfører makt og oppgåver/funksjonar til det regionale folkevalde nivået, søker fylkestinget – i samsvar med inndelingslova – om at Sogn og Fjordane og Hordaland vert slegne saman til ein ny, folkevald region frå 2020 – Vestlandet/Vestlandsregionen.

Fylkestinget legg til grunn at fylkestinget i Hordaland søker tilsvarande.

SAK 65/15 Regionreforma

Frå fylkesutvalet lág det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ønskjer at dei fire vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal greier ut ein handlekraftig, folkevald landsdeleregion på Vestlandet.
2. Et slikt arbeid bør vere ferdigstilt så tidleg i 2016 at eventuelle vedtak om fylkessamanslåingar vert gjorde i fylkestinga seinast hausten 2016.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune set som vilkår for å vere med på ei landsdelelsysing at Stortinget gjennomfører ei regionreform der det regionale folkevalde nivået får eit tungt ansvar for oppgåver som er både utviklingsorienterte og innretta mot tenesteyting overfor eit stort tal innbyggjarar.
4. Fylkestinget meiner alternativet til ein landsdeleregion på Vestlandet er at dagens fylkeskommunar får ein styrkt regionalpolitisk posisjon som samfunnsutviklar og tenesteleverandar.
5. Dersom ein folkevald landsdeleregion på Vestlandet ikkje kan realiserast, går fylkestinget inn for at vi gjennom kommune- og regionreforma vidareutviklar, styrkar og effektiviserer Sogn og Fjordane fylkeskommune innan

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.02.2016

Geir Kjell Andersland (V) sette fram slikt forslag:

Avrøysting:
Punkta 1 til 3 i tilrådinga frå fylkesutvalet mot 8 røyster.

Roysting:
"Ny 1. setning i forslaget punkt 2.
Ein ny vestlandsregion, med folkevald forankring, vil styrke demokratiet og fremje maktspreiing."

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane er og Fjordane og Møre og Romsdal i Vestlandet.
2. Et slikt arbeid bør vere ferdigstilt i fylkessamanslåingar vert gjorde i i
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune Stortinget gjennomfører ei region reform ansvar for oppgåver som er både i stort tal innbyggjarar.
4. Fylkestinget meiner alternativet til fylkeskommunar får ein styrkt reg tenesteleverandar.

Roysting
Andersland sitt forslag vart samrøystes vedteke. Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget oppnemner eit forhandlingsutval som får mynde til å iverksetje samtalarinabopratt med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandle fram ein intensjonsavtale for ein utvida vestlandsregion. Som grunnlag for dette arbeidet skal det gjennomførast eit utgreiingsarbeid av mogelege samarbeidskonstellasjonar mellom fylka. Intensjonsavtalen skal godkjennast av fylkestinget. Forhandlingsutvalet skal fortløpande gjennom prosessen rapportere til ei politisk styringsgruppe bestående av fylkesutvalet sine medlemmer og gruppeleiar for dei partia som ikkje er representerte i fylkesutvalet.
2. Ein ny vestlandsregion, med folkevald forankring, vil styrke demokratiet og fremje maktspreiing. Etablering av ein ny vestlandsregion føreset tildeling av oppgåver både som samfunnsutviklar og teneste produsent, med eit omfang og karakter som er i tråd med fylkestinget sitt vedtak av 10. mars 2015.
3. Forhandlingsutval og styringsgruppe får slik samansetjing:

Forhandlingsutval		
Fylkesordførar: Anne Gine Hestetun (AP)	Vara: Sveinung Valle (A)	
Fylkesvaraordførar: Pål Kårba (RF)	Vara: Berthe Bondhus (Sp)	
Opposisjonen: Terje Sveiknes (FrP)	Vara: Mona R. Strømme (H)	
Fylkesrådmann: Rune Haugsdal	Vara: Fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal	
Hovudtillsvalsvald:	Vara:	

Politisk styringsgruppe
Fylkesutvalet + gruppeleiar Rødt. Vara møter ved forfall.

/framh.



Fylkestinget sitt vedtak, 02.02.17 – framh.

Fylkestinget legg i dette tilfelle den framforhandla intensjonsplanen av 17.01.17 til grunn som rammeverk for Vestlandet/Vestlandsregionen, med følgjande presiseringar:

- a) Den framtidige administrasjons- og tenestestrukturen i den nye regionen skal byggje på desentralisering, maktspreiing og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette skal gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre oppgåver innanfor alle sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leiinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering skal dette prinsippet stå sentralt.
- b) Ekspertutvalet, som skal opprettast i samband med regionreforma, må leggje til rette for at Stortinget kan overføre nye og viktige oppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Fylkeskommunane må vere godt representerte i ekspertutvalet.
- c) Dersom nye folkevalde regionar får svært ulikt innbyggjartal, må Stortinget vurdere å fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom forvaltningsnivåa.
- d) Det nye fylkesmannsembetet må få ei organisering og regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Det vert òg lagt til grunn at embetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, i vårt tilfelle med leiing frå Sogn og Fjordane.
- e) Fylkestinget stiller seg positiv til at kommunar i Rogaland og Møre og Romsdal, som eventuelt ønskjer å bli ein del av den nye folkevalde regionen på Vestlandet, søker om dette.




Forlik i Stortinget

Samarbeidspartia på Stortinget skreiv 22. februar under avtale om regionreform og ny fylkesinndeling.

Fylkessamanslåingar:

1. Sogn og Fjordane – Hordaland
2. Aust-Agder – Vest-Agder
3. Vestfold – Telemark
4. Oppland – Hedmark
5. Buskerud – Akershus – Østfold
6. Nord-Trøndelag – Sør-Trøndelag (frå 01.01.2018)
7. Troms – Finnmark *

* Pkt. 7: Vart ikkje avklara før stortingsrepresentantane frå dei tre nordlegaste fylka og H, Frp, Krf, og V i kommunal- og forvaltningskomiteen vart samde 3. mai.





Prop. 84 S (2016–17) «Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå»

Kommunal- og moderniseringsministeren sin proposisjon
05.04.17 stadfesta samarbeidsavtalen av 22.02.17.

Spesifiserte oppgaver (m.a.):

1. Ansvar for kjøp av innenlandske flyruter.
2. Tilskot til private lufthamner.
3. Ansvar for statlege fiskerihamneanlegg.
4. Tilskotsmidlar innan landbruket.
5. Tilskotsmidlar retta mot kulturføremål, friluftsoppgaver samt kulturminneoppgaver.
6. Styrking av regional planlegging som verkemiddel for utvikling av regionale fortrinn gjennom forpliktande samarbeid med staten i høve planlegging og plangjennomføring.





Stortinget sin saksgang

- 22.02.17: Samarbeidsavtale
- 05.04.17: Proposisjon
- 02.05.17: Høyringsmøte
- 02.06.17: Komitéinnstilling
- 08.06.17: Stortingsbehandling



Stortingets kommunal- og forvaltningskomite





Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå

Prop. 84 S (2016-2017), Innst. 385 S (2016-2017)

Stortinget vedtok 08.06.17 ei regionreform der dagens 19 fylkeskommunar vert erstatta med 11 nye folkevalde regionar/fylkeskommunar frå 01.01.20:

- Vest-Agder og Aust-Agder (302 000)
- Sogn og Fjordane og Hordaland (632 000)
- Buskerud, Akershus og Østfold (1 178 000)
- Telemark og Vestfold (420 000)
- Hedmark og Oppland (386 000)
- Troms og Finnmark (241 000)

Oslo (672 000), Rogaland (475 000), Møre og Romsdal (267 000) og Nordland (243 000) held fram som egne fylke. Trøndelag (454 000) er alt vedteke slege saman med verknad frå 1. januar 2018.



Ny inndeling av regionalt folkevalgt nivå

Prop. 84 S (2016-2017), Innst. 385 S (2016-2017)

Stortinget gjorde i same saka m.a. følgjande anmodningsvedtak (vedtaksnr.):

- 838 Stortinget ber regjeringen sørge for at regional veiadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesveiene, overføres fra Statens vegvesen til regionalt folkevalgt nivå.
- 839 Stortinget ber regjeringen snarest fremme forslag om a) fornye regelverket for løyver og behovsprøving for persontransport slik at bestemmelser knyttet til dette kan fastsettes av de nye fylkeskommunene.
- 840 Stortinget ber regjeringen endre ansvarsfordelingen mellom Regionale forskningsfond (RFF) og Forskningsrådet slik at beslutninger rundt prosjektstøtte blir fattet på fylkeskommunalt nivå.
- 841 Stortinget ber regjeringen overføre oppgaver tilknyttet regional næringsutvikling fra Innovasjon Norge til de nye regionene.
- 842 Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en plan som konkretiserer hvilke oppgaver som kan overføres fra IMDi til de nye fylkeskommunene.



Avklaringar:

- Tannhelsetenesta
- Fagskuleutdanningane
- Innovasjon Noreg





Ekspertutval for ytterlegare oppgåver

- Prop. 84 S (2016-17), Innst. 385 S (2016-17):

«Stortinget ber regjeringa setje ned eit ekspertutval som skal føreslå ytterlegare nye oppgåver til regionane når den nye regionstrukturen er fastlagd, og seinast våren 2017.»

- Oppnemnt 13.06.17
- Innstilling 01.02.18.

- Professor Terje P. Hagen, Universitetet i Oslo
- Førsteamanuensis Jon P. Knudsen, Universitetet i Agder
- Professor Anne Lise Fimreite, Universitetet i Bergen
- Forskar I Gro Sandkjær Hansen, Høgskolen i Oslo og Akershus
- Fylkesrådmann Tore Eriksen, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Pensjonist Christine Hjortland, tidlegare avdelingsdirektør i Kommunal- og moderniseringsdepartementet
- Pensjonist Svein Ludvigsen, tidlegare fylkesmann i Troms



Ekspertutvalet sitt mandat/oppdrag

- a) Utvalet skal på fagleg grunnlag analysere og vurdere konkrete oppgåver og ansvarsområde med sikte på å føreslå ytterlegare oppgåver og mynde til fylkeskommunane ut over det som er avklart etter Stortinget si handsaming av Prop. 84 S (2016–2017).
- b) Forslag til oppgåveoverføringar skal drøftast i lys av retningslinene for oppgåvefordelinga, jf. NOU 2000:22 «Om oppgåvefordelinga mellom stat, region og kommune».
- c) Utvalet sine forslag skal kunne styrke fylkeskommunane si samfunnsutviklarrolle, gje ei meir brukarvenleg forvaltning, ein betre offentleg ressursbruk og betre tenester for innbyggjarar og næringsliv.
- d) Utvalet skal tydeleggjere kva for føresetnader som ligg til grunn for dei konkrete forslaga.
- e) Utvalet skal gje ei vurdering av administrative og økonomiske konsekvensar av forslaga.
- f) Utvalet skal levere sin rapport innan 1. februar 2018.



Disse oppgavene vil fylkene ha

Mange fylker har gitt innspill om hvilke oppgaver de bør få.

Regjeringen satte før sommeren ned et ekspertutvalg som skal finne flere oppgaver til de nye folkevalgte regionene Stortinget har vedtatt. Utvalget har fått innspill fra en rekke fylker.

Mange av forslagene er blitt spilt inn tidligere i arbeidet med regionreformen. En del av dem er blitt behandlet i Stortinget. Noen har kommet fra opposisjonen og blitt nedstemt, andre er vedtatt, men gjennomføringen skal utredes (oppgaver fra Statens vegvesen, Innovasjon Norge og Forskningsrådet).

Dette er noen av de viktigste oppgavene fylkeskommunene vil ha overført fra statlige virksomheter:

Næringsutvikling

- ◆ Sterkere folkevalgt styring med og flere oppgaver fra Innovasjon Norge: Bygdeutviklingsmidlene, det landsdekkende etablererstipendet og bedriftsnettverksordningen.
- ◆ Deler av Forskningsrådets programmer innen næringsutvikling: Forregion (tidligere VRI) og Forkommune. Regionale forskingsfond.

- ◆ Forvaltning av prosjektskjønnsmidler fra Fylkesmannen.
- ◆ Utviklingsoppgaver fra Fylkesmannens, innen blant annet landbruk og bygdeutvikling.
- ◆ Myndighet fra Mattilsynet (matloven), Fylkesmannen (forurensningsloven) og Kystverket (havne- og farvannsloven) til å behandle akvakultursøknader.
- ◆ Flere stimuleringsmidler (tilskudd, støtteordninger, skjønnsmidler) til regional utvikling, særlig ordninger for næringsutvikling.

Samferdsel

- ◆ Statens vegvesens fylkesavdelinger og fagadministrasjon, inkludert vei og ferje.
- ◆ Kjøp av regionale flyruter og flytjenester.
- ◆ Kjøp av regionale jernbanetjenester.
- ◆ Forvaltning av fiskerihavneanlegg.
- ◆ Beholde ansvaret for kollektivtransporten.

Utdanning

- ◆ Helhetlig ansvar for å koordinere og samordne opplæring på lokalt, regionalt og statlig nivå.
- ◆ Overføring av Statsped.

- ◆ Sogn og Fjordane: Vurdere eierskap til og styring av høgskolesektoren, og å overføre ansvaret for institusjoner som tilbyr utdanning på bachelornivå til folkevalgte regioner.

Helse

- ◆ Spesialisthelsetjenestens oppgaver innen rus og psykiatri.
- ◆ Regionale barneverns-, ungdoms- og familievernsoppgaver fra Bufetat.
- ◆ Koordinerende rolle i integreringsarbeidet.
- ◆ Fylkesmannens ansvar og rolle i folkehelsearbeidet, for å ivareta fylkeskommunens lovpålagte oppgaver på dette området.
- ◆ Sogn og Fjordane og Oppland: Vurdere eierskap til og styring av spesialisthelsetjenesten, om de regionale helseforetakene bør oppløses og ansvaret flyttes tilbake til regionalt folkevalgte.

Kultur

- ◆ Statlige tilskudd til lokal og regional kultur og frivillighet som i dag forvaltes av Kulturdepartementet, Kulturrådet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.
- ◆ Styre og utvikle store idrettsanlegg av

regional betydning.

- ◆ Oppgaver innen kulturminneforvaltning fra Riksantikvaren. Her pågår det et reformarbeid.

Miljø

- ◆ Landbruks- og miljøforvaltning fra Fylkesmannen.
- ◆ Naturressursforvaltning, oppgaver innen konsesjonsbehandling og veiledning fra NVE.
- ◆ NVEs ansvar for flomsikring.
- ◆ Virkemidler og støtteordninger til jordvern og bevaring av kulturlandskap fra Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet.


Regional planlegging

- ◆ Myndighet til å avgjøre innsigelser mot kommunal planer.
- ◆ Formalisere og lovfeste mer forpliktende regional planlegging.
- ◆ Overføre ansvar fra Fiskeridirektoratet for akvakulturinteressene i forbindelse med utarbeiding av kystsoneplaner.
- ◆ Troms: En formell rolle i å utvikle og implementere Nordområdepolitikken for å kunne sette premissene for utvikling i egen region.



Fylkestinget 17. oktober 2017

1. Fylkestinget er kjent med at det er levert inn representantforslag i Stortinget som går på å reversere regionreforma. Dersom Stortinget vedtek å løyse opp regionar som er vedtekne slått saman, vil Fylkestinget at Sogn og Fjordane held fram og vert vidareutvikla som eige fylke.
2. Under føresetnad av at Stortinget sitt vedtak om regionreforma står fast, vil Fylkestinget i Sogn og Fjordane peike på at intensjonsplanen av 17.01.2017 mellom Hordaland og Sogn og Fjordane ligg til grunn som rammeverk for vidare arbeid.
3. Fylkestinget vil vise til tidlegare vedtak om oppgåver, slik det går fram i FU - sak 76/17, vert svært viktig å få på plass. Vi forventar at fleirtalet på Stortinget vil syte for at intensjonen i regionreforma med fleire oppgåver ut til regionalt folkevald nivå, vert gjennomført.





Felles fylkesting i Gulen, 27.10.2017





Felles og separate fylkesting 27.10.17 – vedtak:

Med utgangspunkt i Stortinget sitt vedtak av 08.06.17 i høve regionreforma, Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar sin vedtekne intensjonsplan for samanslåing og inndelingslova sine krav, gjer fylkestinget følgjande vedtak:

1. Den nye fylkeskommunen sitt namn skal vere Vestlandet fylkeskommune.
2. Det nye fylkestinget skal ha 65 medlemer.
3. Fellesnemnda for samanslåingsprosessen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar skal bestå av dagens to fylkesutval med til saman 24 medlemer: 15 frå Hordaland og 9 frå Sogn og Fjordane. Nemnda får leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane. Varamedlemene til fylkesutvala skal også vere varamedlemer til fellesnemnda.

Fylkestinget vedtek med dette også det vedlagde reglementet for fellesnemnda.

/framh.



Felles og separate fylkesting 27.10.17

4. Fellesnemnda for den vidare samanslåingsprosessen får i oppgåve å etablere eit partssamansett utval, underlagt nemnda. Fellesnemnda vedtek mandat og samansetting for utvalet.
5. I tillegg til dei fire lovpålagde vedtakspunkta over, stadfestar fylkestinget at formannskapsmodellen skal vere politisk styringsmodell i den nye fylkeskommunen.


Ein legg elles til grunn at føreliggjande intensjonsplan vert følgd i det vidare samanslåingsarbeidet.

6. Fylkestinget sitt vedtak føreset likelydande vedtak i fylkestinget i Hordaland.



Regionreforma nasjonalt – status

- Namnet «Troms og Finnmark fylkeskommune» vart drøfta i felles fylkesting mellom dei to fylkeskommunane tysdag 31. oktober.
- Vestfold og Telemark held felles fylkesting 23. november. Her vert Skien no drøfta som nytt administrativt hovudsete.
- Fylkestinga i Østfold, Akershus og Buskerud møttest fredag 20. oktober til felles fylkesting. Viken fylkeskommune skal ha 87 medlemmer i fylkestinget, og ein legg opp til ei parlamentarisk styringsform.
- Hedmark og Oppland heldt felles fylkesting 24. oktober. Der vart det oppnemnt forhandlingsutval som skal forhandle fram ein avtale mellom dei to fylkeskommunane. Avtalen skal leggjast fram for fylkestinga 15. og 16. januar 2018.






Regional stat – gjennomgang av grenser

Statleg oppfølgingsansvar i regionreforma:

- Gjennomgang av alle statlege regionale grenser i 2018 og 2019, med målsetjing om å få dei ulike ledda til å fungere betre saman.
- Føremålet er å styrje samhandling mellom staten og regionalt folkevalt nivå. Staten har valt inndelingar i færre og større regionar, og dei ulike delane av staten har valt kvar si unike inndeling.
- Ved inngangen av 2016 hadde 38 statlege etatar valt 36 ulike regionale inndelingar.







Vegen vidare – nokre stikkord ...

- Oppfølgingsseminar KMD/KS 20.-21. november
- Fellesnemnda startar sitt arbeid 18.12.17
- Omfattande organisasjonsprosess frå 2018-20
- Samanslåing og koordinering av fagmiljø
- Avklaring/konkretisering av arbeidsdelinga mellom Leikanger/Førde og Bergen
- Deltaking frå tilsette og tillitsvalde undervegs

Tentativ organisasjonsplan for samanslåingsarbeidet (interimsperioden 2018–20):



Tidslinje for regionreforma



Kommunal- og moderniserings-
departementet: Prosessplan

Fylkeskommunane frå 2017 til 2020:

- Etablerer fellesnemnd hausten '17
- Startar arbeidet i partssamansett utval vinteren 2018
- Planleggingsaktivitet i 2017
- Førebuingsaktivitet og brei involvering i 2018 og 2019



Spørsmål og kommentarar

Kontaktinfo:

Ole I. Gjerald
Seniorrådgjevar, fylkesrådmannen sin stab
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no | tore.eriksen@sfj.no
sentralbord: +47 57656100 | mob: +47 40857025

